
Vår referanse 2020/78953-2
Dato 14.01.2021

REKNES BYGGJEVARER L/L
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Løyve til utvida bruk av avkøyrsl - fv. 570 - gnr 1 bnr 6 - Masfjorden kommune

Vi viser til brev i frå dykk med søknad om utvida bruk av avkøyrsl frå gnr 1 bnr 6 i Masfjorden kommune.

Vestland fylkeskommune har vore på staden og vurdert avkøyrsla. Vi vurderer at avkøyrsla slik ho ligg i dag har ei tilfredsstillande utforming med tanke på trafikktryggleik og ferdsle. På denne bakgrunn ser vi å kunne gje eit løyve i denne saka.

Vedtak:

Statens vegvesen godkjenner på vilkår søknaden om avkøyrsl frå Fv 570 (S6D1 ved km 10489) til eigedomen gnr. 1 bnr. 6. Vedtaket er gjort med heimel i veglova §§ 40 og 43.

Vilkår for løyvet:

Etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn set Statens vegvesen følgjande vilkår for løyvet :

1. Løyvet er gjeve i samsvar med *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg* fastsett av Vegdirektoratet 16.7.1964 og *Forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg* fastsett av Samferdselsdepartementet 26.2.1982.
2. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor og i samsvar med godkjend skisse (vedlegg).
3. Løyvet gjeld berre for følgjande føremål: 1 - ei bueining.
4. Eigaren eller brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt og andre krav til avkøyrsla til ei kvar tid er oppfylt, jf. veglova § 43. Dersom ikkje dette skjer, kan avkøyrsløyyvet bli trekt tilbake.
5. Det skal vere tilfredsstillande snu- og manøvreringsareal inne på eigen eigedom slik at ein unngår rygging ut på offentleg veg.

6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til Fv 570. Privatrettslege tilhøve, til dømes nabo- og eigedomstilhøve, må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Dette gjeld til dømes opparbeiding, bruk og vedlikehald av avkøyrsløse, frisisiktsoner og tilkomstveg. Slike rettar bør tinglysast.

Vedlegg: Prinsippskisse

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringenjør

Sigmund Matias Bødal
senioringenjør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

MASFJORDEN KOMMUNE Austfjordvegen 2724